



Referat for SSU-møte 4 - 2025

Føremål: Strategisk samarbeidsutval møte 4 2025

Møtetid: 21.11.25 kl. 10.00 - 14.00

Møtestad: Gloppen kommune, Gloppen heradshus Sandane

Møteleiar: Martin K. Lundgård

Referent: Gunnlaug Nes-Berg

Deltakarar:			
Namn	Tittel	Eining	Fråvær
Martin Lundgård	Kommunedirektør	Askvoll kommune/ HAFS	
Terje Heggheim	Kommunedirektør	Sunnfjord kommune/ SIS	x
Anders Skipenes	kommunedirektør	Gloppen/Nordfjord	
Gunn Lerøy	Kommunedirektør	Lærdal kommune/ Sogn	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune/ Fagleg samarbeidsutval	
Kjell-Wernik Nystøyl	Samhandlingskoordinator	Interkommunal samhandlingskoordinator/ Fagleg samarbeidsutval	
Arve Varden	AD	Helse Førde HF	
Børge Tvedt	Klinikkdirektør PHV	Helse Førde HF	Teams
Anne Kristin Kleiven	Utviklingsdirektør	Helse Førde HF	x
Asle Kjølraug	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Fagleg samarbeidsutval	x
Trine Vingsnes	Klinikkdirektør MED	Helse Førde HF	Teams
Dagrun Kyrkjebø	Samhandlingssjef	Helse Førde HF/Fagleg samarbeidsutval	
Heidi Alice Vederhus	Stadleg leiar NSH	Helse Førde	
Michael Milde	Medlem FBU	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	
Arne Hovland	Nestleiar FBU	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	Teams
Observatørar:			
Hilde Ystanes	Seniorrådgjevar	KS Vest-Norge	
Linda Svori	Ass fylkeslege	Statsforvaltaren	Teams
Barbro Longva	Leiar FSU	Stad kommune	
Vara:			
Bjørn Morten Øen	Direktør Kirurgisk klinikk	Helse Førde	
Vidar Øvrebø	stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde/Fagleg samarbeidsutval	
Toril Taklo	avdelingssjef PHV for barn og unge	Helse Førde	
Kristine Dahl	Kommunaldirektør	Stad kommune	For T.Heggheim
Øyvind Bang Olsen	kommunedirektør	Kinn kommune/Sunnfjord	
Jens-Eivind Kobbeltvedt	kommunedirektør	Solund kommune/HAFS	



Marius Solbakken	kommuneoverlege	Stryn kommune/Fagleg samarbeidsutval	
------------------	-----------------	--------------------------------------	--

Sakliste

Sak nr.	Tid:	Tema:	Type sak:	Ansvar:
23/25	10:00	Godkjenne innkalling og sakliste		Martin Lundgård
24/25		Godkjenne referat frå forrige møte Gjennomgang av aksjonspunkt		
25/25	10:10	Status Helse Førde økonomisk situasjon Status kommunane sin økonomiske situasjon	Orientering	Arve Varden Kommunedirektørar
26/25	11:10	Slutthandsaming delavtale tilvising, innlegging og utskrivning	Vedtak	Sekretariatet
27/25	11:30	Førespurnad frå NAV Vestland om observatørstatus i SSU	Vedtak	Leiar Sekretariatet
	11:45	Lunsj		
28/25	12:15	Tildeling av rekrutterings- og samhandlingstilskot	Vedtak	Sekretariatet
29/25	12:45	Samarbeid om rekruttering, kompetanse og felles planlegging - oppfølgingssak	Vedtak	Leiar Sekretariatet
30/25	13:30	Oppnemninga av nytt utval SSU 2026-2027	Vedtak	Leiar
/25	13:45	Eventuelt		

Referat

Sak nr.	Tema:
23/25	Godkjenne innkalling og sakliste Innkalling og sakliste godkjent.
24/25	Godkjenne referat frå forrige møte – 30.09.25 Gjennomgang av aksjonspunkt

**AKSJONSPUNKTLISTE 30.09.25**

Nr.	Sak.	Ansvarleg	Frist
1	Vurdere om beredskap (Jobba mykje med frå statsforvaltaren) skal vere oppe som eiga sak	Leiar/sekretariat	Møte 1, 2025
2	Orienterer til regionale føringar for samarbeid Sak 19/25	KS/Hilde	Neste møte
3	Utarbeide konkret forslag til korleis ein skal arbeide vidare frå sluttrapporten « Samarbeid om rekruttering, kompetanse og felles planlegging » plassere tydeleg ansvar for vidare tiltak.	Sekretariat	Neste møte
4	Få orientering om arbeidet i referansegruppa til Vestlandslegen. 20/25	Sekretariat	Neste møte

Beredskap er aktuelt tema både for helseføretak, nasjonalt AD-møte med departement, i kommunane og hjå statsforvaltaren. Håvard Stensvand m/stab bidreg også gjerne på beredskap inn Helsefelleskapet.

25/25 Status Helse Førde økonomiske situasjon

Viser til presentasjon [Helse Førde presentasjon 251121 SSU.pptx](#) for detaljar.

Varden orienterer om den økonomiske situasjonen med særskilt fokus på styrevedtak frå september og arbeid og prosess framover. AD foreslår at styret gjer endeleg vedtak 29.01.26. Saka blir ikkje sendt på høyring, men det vil bli invitert til eit møte for alle kommunane i tidsrommet mellom at saka vert lagt fram til styret i desember, og planlagt vedtak i januar –26.

Innspel frå kommunane om at det opplevast som kommunane blir lite med i prosessen framover og har lite moglegheit for å gje innspel. Varden svarar at det er fullt mogleg å gi innspel undervegs i prosessen. Det blir svært krevjande å levere utgreiingane dersom det er for mange aktørar i beslutningsfora, viser til at Helse Førde heller ikkje blir involvert meir i prosessar når kommunane gjer endringar.

Spørsmål om korleis fokus er på rekruttering, Vestlandslegen, og ventelister i økonomisk vanskelege tider, kort drøfting rundt dette. Spørsmål om kapasitet innanfor hudfaget. Vingsnes svarar ut ein har avgrensa kapasitet i hudfaget. Helse Førde tilviser også til Bergen, slik som også kommunane. Ikkje full kapasitet/dekning slik det er no.

Status kommunane sin økonomiske situasjon

Skipenes orienterer om Gloppen kommune sin økonomiske situasjon, [2025.11.21 - SSU - Status kommuneøkonomi i Gloppen.pptx](#). Går mot underskot, og store utfordringar, men nok ikkje verst stilt av kommunane.

Lerøy orienterer om situasjon i Lærdal kommune. Lærdal har forholdsvis god økonomi. Har lagt inn innsparingskrav, for å imøtekomme utfordringar som vil treffe Lærdal framover. Kraftinntektene er under press.



	<p>Lundgård orienterer frå Askvoll kommune Askvoll presentasjon SSU 251121.pptx. Utfordrande økonomisk situasjon. Viser til svært mykje retningslinjer og krav innanfor helse og omsorg.</p> <p>Spørsmål i kor stor grad kommunane må ta i bruk disposisjonsfond, generelt. Den økonomiske situasjonen tærer på desse. Innspel frå KS/Ystanes at disposisjonsfond er ikkje jamt fordelt, vil vere meir krevjande for nokre. Longva orienterer litt om korleis situasjonen er i Stad, svært krevjande tider og mykje omstillingsarbeid her.</p> <p>Diskusjon og innspel om konkrete tiltak som ein jobbar med i ulike kommunar og utfordringar som vil treffe hardare/vedvare framover.</p> <p>Vedtak SSU tek orienteringane til vitende.</p>
26/25 (11.10)	<p>Slutthandsaming delavtale tilvising, innlegging og utskriving</p> <p>251121 SSU, Sandane.pptx</p> <p>Kyrkjebø orienterer om saka, bakgrunn og prosess.</p> <p>Viser til punkt som er endra/lagt til. Viser til innspel frå FSU, orienterer omkring PROFS, og planlagt prosess vidare. Spørsmål om punkt for avklaring ved utskriving, samarbeid spesialisthelseteneste/kommune. Kvifor skal helseføretaket dekke kostnadane ved bæring. Samarbeid ved utskriving verkar ikkje til å vere eit omfattande problem, i praksis arbeider partane godt saman for å løyse dette på ein god måte. Bærehjelp: Ynskje om å få til ei god ordning framover, gjerne ei konkret rutine for korleis ein skal gå fram ved behov for bærehjelp til pasientar.</p> <p>Framlegg til vedtak: <i>Strategisk samarbeidsutval godkjenner delavtalen og tilrår at delavtalen vert sendt ut til signering til partnarane.</i></p> <p>Vedtak SSU godkjenner einstemmig framlegg til vedtak.</p>
27/25	<p>Førespurnad frå NAV Vestland om observatørstatus i SSU</p> <p>Viser til Sak 27-25 Førespurnad frå NAV Vestland om observatørstatus i SSU.docx for detaljar. Kyrkjebø orienterer om bakgrunn og førespurnaden.</p> <p>Innspelsrunde, semje om at Nav er representert gjennom kommunane, og det ville i så fall vere fleire instansar som kunne vore aktuelle for deltaking.</p> <p>Framlegg til vedtak Strategisk samarbeidsutval diskuterer mogleg observatørrolle i SSU for deltakar frå Nav Vestland og gjev si tilråding for om dette skal imøtekast.</p>



	<p>Vedtak: SSU takkar nei til førespurnad, og ber sekretariatet svare skriftleg og henvise til at Nav er representert gjennom kommunane.</p>																																
<p>28/25 (12.07)</p>	<p>Tildeling av rekrutterings- og samhandlingstilskot</p> <p>Viser til Sak 28-25 - Tildeling av rekrutterings- og samhandlingstilskot.docx For detaljar. Nystøyl orienterer om søknadane, sjå oversikt: Søknad om rekrutterings- og samhandlingstilskot Tildelingsrunde 2 25.xlsx</p> <p>Framlegg til vedtak <i>Strategisk samarbeidsutval vedtek tilskot i samsvar med tilrådingane til fagleg samarbeidsutval.</i></p> <p>Kyrkjebø spelar inn at rapportering må skje i SSU, har ikkje andre aktuelle møtefora. Helse Førde pleier å handsame økonomi-saker i desember. Kyrkjebø utarbeider rapport for tildeling og SSU får denne til orientering saman med referat.</p> <p>Vedtak Strategisk samarbeidsutval godkjenner einstemmig framlegg til vedtak.</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Prosjekt</th> <th>Beløp omsøkt</th> <th>Beløp tilrådd</th> <th>Vurdering</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Diabetiske fotsår</td> <td>570.000,-</td> <td>570.000,-</td> <td>Innvilga</td> </tr> <tr> <td>Laboratorietenester</td> <td>750.000,-</td> <td>0,-</td> <td>Avslått. Manglar samarbeid med kommune.</td> </tr> <tr> <td>Innlegging i sjukehus</td> <td>1.300.000,-</td> <td>1.300.000,-</td> <td>Innvilga</td> </tr> <tr> <td>Digital heimeoppfølging</td> <td>1.200.000,-</td> <td>850.000,-</td> <td>Innvilga for 2026 Be om statusrapport Q2 2026.</td> </tr> <tr> <td>Deling av informasjon i sanntid</td> <td>850.000,-</td> <td>850.000,-</td> <td>Innvilga</td> </tr> <tr> <td>Ramme for oppstart FSU og tiltak etter utviklingsarbeid</td> <td>-</td> <td>500.000,-</td> <td>Innvilga</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> </tbody> </table>	Prosjekt	Beløp omsøkt	Beløp tilrådd	Vurdering	Diabetiske fotsår	570.000,-	570.000,-	Innvilga	Laboratorietenester	750.000,-	0,-	Avslått. Manglar samarbeid med kommune.	Innlegging i sjukehus	1.300.000,-	1.300.000,-	Innvilga	Digital heimeoppfølging	1.200.000,-	850.000,-	Innvilga for 2026 Be om statusrapport Q2 2026.	Deling av informasjon i sanntid	850.000,-	850.000,-	Innvilga	Ramme for oppstart FSU og tiltak etter utviklingsarbeid	-	500.000,-	Innvilga				
Prosjekt	Beløp omsøkt	Beløp tilrådd	Vurdering																														
Diabetiske fotsår	570.000,-	570.000,-	Innvilga																														
Laboratorietenester	750.000,-	0,-	Avslått. Manglar samarbeid med kommune.																														
Innlegging i sjukehus	1.300.000,-	1.300.000,-	Innvilga																														
Digital heimeoppfølging	1.200.000,-	850.000,-	Innvilga for 2026 Be om statusrapport Q2 2026.																														
Deling av informasjon i sanntid	850.000,-	850.000,-	Innvilga																														
Ramme for oppstart FSU og tiltak etter utviklingsarbeid	-	500.000,-	Innvilga																														
<p>29/25</p>	<p>Samarbeid om rekruttering, kompetanse og felles planlegging - oppfølgings sak</p> <p>Viser til saksunderlag Sak 29-25 - Oppfølging av rekruttering, kompetanse og felles planlegging.docx og Vedlegg Sak 29-25 - Tiltaksoversikt - Forenkla.xlsx</p> <p>Nystøyl orienterer om arbeid og tiltak.</p>																																



	<p>2.1: Vedrørende psykolog-tenester Tvedt, Kyrkjebø/Vederhus og Nystøyl tek ansvar for å få dette konkretisert frå kommunane og finne løysing på punkt.</p> <p>4.2: Kjem førespurnad frå allereie eksisterande fora om å gå over til FSU, (Akuttmedisinsk samhandlingsforum) FSU for eldre med skrøpelegheit er det første som blir oppretta, i det neste FSU, 2026. Neste nye FSU: personar med fleire kroniske lidingar.</p> <p>1.2: Viser til møte med «Framtidsfylket». Legg bort arbeid med felles rekrutteringsplattform, det finns allereie fleire slike i dei ulike regionane, i tillegg til arrangement og fora for dette. Arbeide meir samla med omdømebygging, og kompetansekartlegging. Kartlegge grundig kva som er utfordringane. Viktig å tenke på å behalde dei ressursane ein har innom, viktig å legge til rette for forholda i og rundt arbeidsplass og lokal tilhøyrgheit.</p> <p>Framlegg til vedtak: Strategisk samarbeidsutval vedtek å iverksetje tiltak i tråd med oversikta i denne saka.</p> <p>Vedtak: Strategisk samarbeidsutval vedtek einstemmig framlegg til vedtak.</p>
30/25	<p>Oppnemninga av nytt utval SSU 2026-2027</p> <p>251121 SSU, Sandane.pptx Sak 30-25 Oppnemning av nytt SSU, 2026 - 2027.docx</p> <p>Leiarvervet for SSU går over til Helse Førde v/administrerande direktør. Nystøyl orienterer om dei kommunale representantane.</p>



Kommunane		
Rolle	Namn	Vara –
Kommunedirektør Stad	Kristine Dahl	Anders Skipenes
Kommunedirektør Fjaler	Ola Hovland	Gjermund Flage
Kommunedirektør eller kommunalsjef region Sogn	Namn kjem	
Kommunalsjef region Fjordane	Namn kjem	
Kommuneoverlege frå Sogn og Fjordane	Marius Solbakken	
Interkommunal samhandlingskoordinator	Kjell-Wernik S. Nystøyl	

Dei andre vert utpeika i møte framover.

Helse Førde		
Rolle	Namn	Vara
AD/leiar SSU	Arve Varden	
Klinikkdirektør, PHV	Børge Tvedt	Avd.sjef PHV – Svein Olve Alisøy
Klinikkdirektør, kirurgisk klinikk	Bjørn Morten Øen	Avd.sjef kirurgisk klinikk
Klinikkdirektør, medisinsk klinikk	Trine H. Vingsnes	Laila Haugland, avd.sjef medisinsk avdeling
Fagdirektør	Asle Kjørlaus	Utviklingsdirektør Dagrun Kyrkjebø
Samhandlingssjef	Heidi Vederhus	Stadleg leiar LSH Vidar Øvrebø

Kyrkjebø orienterer om Helse Førde sine representantar, og endringar i roller og konstitueringar. Kyrkjebø vert kst. utviklingsdirektør i Helse Førde 011225 – 300526. Heidi Vederhus tek over samhandlingssjef sine oppgåver mot helsefellesskapet i same periode.

Første møte for 2026 er sett opp i slutten av februar, må kanskje flyttast.

Framlegg til vedtak

Strategisk samarbeidsutval oppnemner medlemmar til nytt SSU

Vedtak:

Strategisk samarbeidsutval godkjenner framlegg til vedtak i samsvar med tabell over.

Møtet slutt 13.00



AKSJONSPUNKTLISTE 21.11.25			
Nr.	Sak.	Ansvarleg	Frist
1	Vurdere om beredskap (Jobba mykje med frå statsforvaltaren) skal vere oppe som eiga sak	Leiar/sekretariat	2026
2	Orienterer til regionale føringar for samarbeid Sak 19/25	KS/Ystanes	Møte 2026
3	Utarbeide konkret forslag til korleis ein skal arbeide vidare frå sluttrapporten « Samarbeid om rekruttering, kompetanse og felles planlegging » plassere tydeleg ansvar for vidare tiltak.	Sekretariat	Møte 2026
4	Få orientering om arbeidet i referansegruppa til Vestlandslegen. 20/25	Sekretariat	Møte 2026
5	Ta initiativ til at Helse Førde kan møte kommunalsjefnettverket Helse- og omsorg og samarbeide omkring psykologitenester, Kommunane konkretisere behov, deretter saka oppatt i SSU	Vederhus/Tvedt/ Nystøyl	Snarleg



Vedlegg 1

Sak 2025/25: Status Helse Førde økonomiske situasjon



Kart: Helse Førde sitt opptaksområde, per lokalsjukehusområde og folketal per kommune